



Jotun as
Hystadvegen 167
3209 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2611 - 14/10307

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
22.09.2014

Byggesak Gbnr 45/10 Manger - søknad om løyve til tiltak - riving av 2 bygninger - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 207/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Toskavegen 190**

Tiltakshavar : Jotun as

Ansvarleg søker : PeWe Entreprenør as

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 281/12 datert 26.11.12 gjeve løyve til å rive 9 bygningar og i sak 328/13 datert 24.10.13 gjeve løyve til å rive 2 bygningar på eigedom 45/10 Manger/Toskavegen 190.

Det vert no søkt om å rive to bygningar til, bygningane er skildra som bygg 020 og 008/017 i situasjonsplan merka F1, Sandefjord 15.12.93. Det er opplyst at bygningane er miljøsanert innvendig i samband med tidlegare rivearbeid på eigedomen.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for næringsverksemd.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å kreve dispensasjonar.

Nabovarsel

Søknaden er ikkje er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Radøy kommune har vurdert at nabovarsling ikkje er naudsynt. Vurderinga er grunnlagt på at det er nabovarsla riving på eigedomen i samband med løyve datert 24.10.12. Det var ingen nabomerknader til denne søknaden.

Bygningsmassen på eigedomen har vorte riven gradvis frå første løyvet vart gjeve november 2012 og fram til dag. Byggesaksmynde i Radøy kommune vurderer at rivning av fleire bygningar vil ikkje medføre noko ulempe for naboar eller omgjevnader og gjev såleis fritak for nabovarsling i denne særskilde saka.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 2.

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 2.

Føretaket **PeWe Entreprenør as** org.nr. (980991172) har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **PeWe Entreprenør as** org.nr. (980991172), har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering riving.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **PeWe Entreprenør as** org.nr. (980991172), har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring riving, sanering og miljøsanering.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.09.14 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3/12 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 e vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for riving av bygningar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan utførast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK L/S * FUNKSJON TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSOMRÅDE
PeWe Entreprenør as org.nr. (980991172)	S	SØK	2	Ansvarleg søkjar
PeWe Entreprenør as org.nr. (980991172)	S	PRO	2	Prosjektering rivning
PeWe Entreprenør as org.nr. (980991172)	S	UTF	2	Utføring rivning og miljøsanering

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.2	Basisgebyr	kr	10 500
		Totalsum	kr 10 500

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2611

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jotun as

Hystadvegen 167 3209

SANDEFJORD

